



Aust-Telemark vassområde

Møteprotokoll

Vår dato: 16.04.12

Møte : Styringsgruppemøte

Møtestad : Atrå, Tinn landbrukskontor

Møtedato/-tid : 10. april kl 10-14

Møteleiar: Eivind Ørnes Møtereferent: Liv R. Flå

STYRINGSGRUPPA:

Til stades:

Nils Bjørnflaten (vara)

Telemark fylkeskommune (Tfk)

Eivind Ørnes

Tinn kommune

Lena Romtveit

Vinje kommune

Edgar Gundersen

Notodden kommune

Forfall:

Lise Wiik

Telemark fylkeskommune (Tfk)

Finn Øystein Heisholt (vara)

Tinn kommune

Aslak Ofte (vara)

Vinje kommune

Arvid Løwer (vara)

Notodden kommune

ARBEIDSGRUPPA:

Til stades:

Ingrid Strande

Telemark fylkeskommune (Tfk)

Arne Kjellsen

Fylkesmannen i Telemark (FM)

Bjørn Bjørnsen

Tinn kommune

Jon Tvitekkja

Vinje kommune

Nicolai Østhus

Øst-Telemarkens Brukseierforening (ØTB)

Liv R. Flå

Prosjektleder (PL)

Forfall:

Dorthe Huitfeldt

Vinje kommune

Marte Berdahl

Notodden kommune

Møtet vart innleia av Ingrid Strande som informerte om arbeidet etter vassforskrifta i Vest-Viken vassregion og Aust-Telemark vassområde på ein oversiktleg og informativ måte.

Nr.	Sak
02.01	Konstituering av ny styringsgruppe og val av leiar og nestleiar: Forslag på kandidatar: Leiar: Lise Wiik, nestleiar: Eivind Ørnes. <u>Vedtak:</u> Lise Wiik leiar og Eivind Ørnes nestleiar.



02.02	Referatsaker: <ol style="list-style-type: none">Møtereferat frå styringsgruppemøtet 20.05.11. <u>Sak 01.05: Vesentlege vassforvaltningsspørsmål i vassområdet. Gjennomføring og medverknad:</u> Under dette punktet vart det kort informert om eit forslag frå arbeidsgruppa om å arrangere ope fagmøte på Skinnarbu til hausten, der forslag til tema er: Konsekvensar for fisk og næringsdyr av vassdragsreguleringane i Møsvatn og Mårvatn, med forskarar som har gjort undersøkingar i dei to reguleringsmagasina. Møtet slutta seg til dette forslaget. Vidare kom desse forslaga til innhald og gjennomføring:<ul style="list-style-type: none">Ønskeleg at også grunneigarar/brukarar ("vanlege folk") kan presentere erfaringar omkring fisket i reguleringsmagasin.Invitere Faun Naturforvaltning AS til å informere om mæreoppdrett i regulerte vassdrag.Arrangere arbeidsgr.møte og styringsgr.møte i tilslutning til temamøtet på Skinnarbu.Årsrapport 2011 frå Aust-Telemark VO til vassregionmyndigheita (VRM). <u>Pkt. E , positive erfaringar:</u> Innspel frå FM om at her burde vi ta med at prosjektleiar i Midtre Telemark VO har bidratt med mykje hjelp til PL på Vann-Nett. Tek dette med i årsrapporten 2012.
02.03	Økonomien i prosjektet: <p>Driftsrekneskapet for prosjektet 2011 og driftsbudsjett 2012 vart gjennomgått.</p> <p><i>Driftsrekneskap 2011:</i> Rekneskapsoversikten viser at overskottet for 2011 var kr. 102.829 (midlar frå eksterne finansieringskjelder). Overskottet er grunna i at FM overførte kr. 51.000 og Tfk kr. 50.000 meir enn budsjettet. Vidare kom bidraga frå Notodden og Vinje kommune for 2010 inn på dette året, saman med innbetalinga for 2011. Frå Buskerud fylkeskommune kom øremerka bidrag på tilsaman kr. 36.250 som det ikkje var budsjettet med.</p> <p>Overskottet for 2011 er overført til bundne prosjektmidlar. Inkludert overføringar av tidlegare overskott i prosjektet, er posten bundne prosjektmidlar på kr. 206.023 (2009-2011).</p> <p>Tinn kommune avsette kr. 139.000 i budsjettet for 2011 til prosjektet. Dette beløpet må overførast til prosjektet som øremerka budsjettmidlar i årsoppgjørsaka, og vil bli følgd opp av prosjektleiar. Saman med øremerka budsjettmidlar frå 2010, er denne posten kr. 185.000.</p> <p>Summen av bundne prosjektmidlar (2009-2011) og øremerka budsjettmidlar (2010-2011) er kr. 391.023.</p> <p><i>Driftsbudsjett 2012:</i> Inntektssida er sett opp i samsvar med budsjettet i prosjektplanen (versjon 20.05.11), medan utgiftssida er kr. 86.000 høgare enn budsjettet i prosjektplanen. Dette er grunna i at prosjektleiar bidrar Fylkesmannen i karakteriseringsarbeidet (kr. 56.000), og på grunn av planlagt arbeid med kunnskapsinnhenting (kr. 30.000). Desse midlane vart overført i 2011. På grunn av at inntekter overstig utgifter i prosjektet (2009-2011) balanserer budsettet for 2012 med eit overskott på kr. 305.023.</p>



	<p><u>Forslag til vedtak:</u> Styringsgruppa godkjenner rekneskapet for 2011 og forslag til budsjett for 2012. Styringsgruppa tek vidare stilling til kor stor del av overskottet på kr. 305.023 i driftsbudsjettet som skal nyttast til å delfinansiere overvåkingsprogrammet som skal starte i vassområdet i løpet av 2012.</p> <p><u>Merknader til forslaget:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Det må innarbeidast ein lønsauke på ca 2 % pr. år i budsjettet, d.v.s. at posten løn blir auka til kr. 328.000 (lønsauke for 2011+ 2012).• I driftsbudsjettet i prosjektplanen (versjon 20.05.11) er det sett opp ein post ”diverse adm.” på kr. 70.000. I budsjettet for 2012 er denne adm.posten fordelt mellom postane møte, reise, kurs, kjøreutgifter (auka med tilsaman kr. 12.000 i høve til budsjett i prosjektplan), kontorutgifter og uforutsette utgifter. ”Diverse adm.” var meint som overhead for Tinn kommune til drift av prosjektet (kontorhald, kontorutgifter, adm. utgifter), noko som må gå fram av budsjettet. Ein realistisk storleik på overhead er ca 25 % av lønskostnadene og bør såleis regulerast i takt med lønsposten (dette gjev ein overhead på kr. 80.000 i 2012). For øvrig bør auken på kr. 12.000 i utgiftspostane møte, reiser/diett, kurs/konferansar, kjøreutgifter i høve til prosjektplanen bli ståande.• Aukinga i driftsbudsjettet bør betalast gjennom auka løyvingar frå bidragsytarane.• Overskottet i prosjektet i perioden 2009-2011 på kr. 305.203 skal nyttast til overvaking/ karakterisering. <p><u>Vedtak:</u></p> <ol style="list-style-type: none">1. Styringsgruppa godkjenner driftsrekneskapet for 2011.2. Styringsgruppa godkjenner budsjettet med følgjande korrigeringar (revidert budsjett 10.04.12 er vedlagt):<ul style="list-style-type: none">• Ein lønsauke på 2% årleg for 2011 og 2012 må innarbeidast i budsjettet.• Budsjettet må ha ein overhead for Tinn kommune til drift av prosjektet på kr. 80.000 for 2012 (posten kontorutgifter og uforutsette utgifter går ut).• Auka budsjetterte lønnskostnader/ overhead og auka utgifter til møte, reise, kurs på tilsaman kr. 35.000 er i tråd med den generelle lønnsstiging/ prisauken, og dei auka driftsutgiftene bør derfor fordelast mellom kommunane, fylkeskommunen og Fylkesmannen etter den opprinneleg fordelingsnøkkelen i prosjektplanen.3. Styringsgruppa vedtek einstemmig at rekneskapoverskottet i prosjektet for perioden 2009-2011 på kr. 305.023 skal nyttast til overvaking/ karakterisering. <u>Merknad:</u> Overskottet kan bli redusert med inntil kr. 70.000 p.g.a. utgifter som Tinn kommune hadde til drift av prosjektet i 2011.
<p>02.04</p>	<p>Vesentlege vassforvaltningsspørsmål. Vest-Viken vassregion v/ vassregionmyndigheita (VRM) skal utarbeide høyringsutkastet ”Vesentlege vassforvaltningsspørsmål” etter innspel frå alle vassområda i regionen, og sende det ut på høyring innan 01.07.12.</p> <p>”Vesentlege vassforvaltningsspørsmål” er ein milepælrapport, og eit viktig trinn i arbeidet etter vassforskrifta, og handlar om å belyse kva som er dei viktigaste problemstillingane i vassregionen og å skape ei felles forståing av kva som er dei viktigaste utfordringane. Rapporten er ikkje juridisk etter Plan- og bygningslova, og skal ikkje vedtakast av Fylkestinget.</p>



	<p>Dokumentet ”Vesentlege vassforvaltningsspørsmål” for Aust-Telemark vassområde vil, saman med liknande dokument for dei andre vassområda i regionen, bli bruka som grunnlag for det felles høyringsdokumentet. Det lokale dokumentet i kvart enkelt vassområde vil bli lagt ved dokumentet frå regionen når dette blir sendt på høyring.</p> <p>”Vesentlege vassforvaltningsspørsmål for Aust-Telemark VO” versjon nr. 2/ 27.03.2012 vart gjennomgått på møtet. Følgjande innspel vart notert og vil bli innarbeida i den reviderte versjonen av dokumentet (versjon 3)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dokumentet bør ha ein kort informasjon i førordet om prosess/ saksgang for vesentlege vassforvaltningsspørsmål. Dette gjer at dokumentet evt. kan brukast fristilt frå hovuddokumentet. • Rapporten bør ha eit kort samandrag av det viktigaste innhaldet. • Neddemming av dyrka mark på Miland i situasjonar der Tinnsjø blir bruka til flaumdemping er eit vesentleg spørsmål for grunneigarinteressene her, og bør nemnast under pkt. 3 ”Brukarinteresser” i rapporten. • Det er ein gamal avtale mellom grunneigarane og ØTB om minstevassføring i Måna på strekinga dam Dale – Tinnsjø, der vassføringa ved Miland bru skal vera 200 liter pr. sek. <p>VRM har forlenga fristen for innsending av revidert dokument frå vassområda til midten av juni. Evt. nye innspel frå styringsgruppa o.a. kan derfor innarbeidast i dokumentet fram til den tid.</p>
<p>02.05</p>	<p>Eventuelt Ingen saker</p>

Styringsgruppa for Aust-Telemark vassområde,

Eivind Ørnes
nestleiar

Vedlegg: 1. Revidert budsjett 2012 (revidert 10.04.2012)